

Til

Ordførar i Lindås kommune
Administrasjon
Dei politiske partia i Lindås kommune
Medlemmar i plan- og miljøutvalet
Medlemmar i levekårutvalet

Knarvik, 28.09.16

Områdeplan Lonelva – Juvikvarden og Ny Knarvik barneskule.

Det vert varsle i media om at Lindås kommune er i startgropa for prosjekt Ny Knarvik barneskule, og at politikarane i Lindås kommune skal få presentert prosjektet i løpet av hausten.

I samband med dette ynskjer vi som nærmeste naboar til den nye skulen, å koma med nokon innspel i høve til val av tilkomstveg, dei trafikale forholda og spesielle omsyn for våre brukarar som vi ynskjer de skal ta med i planlegginga av prosjektet.

Innspela er knytt opp mot eksisterande plan for området.

1. Lindås kommune er ein trafikksikker kommune og har høge krav til trafikktryggleik for innbyggjarane sine. Vi ber om at dette kravet blir teken godt omsyn til ved val av tilkomstveg for den nye skulen og for dei eksisterande brukarane våre.
2. Tilkomstvegen som vert brukt til Knarvik barnehage og Stallanemarka burettslag har i dag ein stor belasting i tidsromma kl.7.30-9.30 og 14.30-16.30. I desse tidsromma vert inntil 167 små barn henta og leverte, og 50 tilsette og 10 beboarar skal til og frå jobb. Vi vil presisera at vi er redd denne vegen vil generera ein svært stor trafikkauke både med bussar og privatbilar, noko som er både trafikkfarleg og forstyrrende.
3. Planlegginga av trafikkforholda må ta omsyn til at det er mange små og mjuke trafikantar, og fleire ungdommar med nedsett funksjonsevne som bruker dette området.
4. Uteplassen til Stallanemarka burettslag vil verta svært forstyrra av ein eventuell veg som går forbi. Dagens løysing, med store trær mellom burettslaget og barnehagen er ideell for å unngå forstyrringar begge vegar.
5. Barnehagen og burettslaget har fleire faste vareleveringar i veka. Deler av tilkomstvegen vert brukt som oppstillingsplass under levering. Det same gjeld for levering av kommunale tenester.
6. I områdeplan er Knarvik barnehage plassert i ei «rundkjøring» med vegar på alle sider. Dette er lite tryggleik-, miljø og helsevenleg for våre små brukarar.
7. I områdeplan er vegen lagt langs heile leikeområdet til barna i barnehagen. Det vil setje ned kvaliteten til leikeområdet vårt med tanke på trafikkstøy, luftkvalitet og tryggleiken for barna.
8. Trafikkstøy og därleg luftkvalitet vil også vera utfordrande i forhold til soveskura som vert brukte til soveplass for dei minste barna i barnehagen. Plasseringa av soveskura vart gjort med tanke på å ivareta barna sine primære behov for stille og ro i sovetida.
9. Småbarnsavdelingane ynskjer at turområdet «Maurtuatoppen» vert bevart. Dette er ein liten høgde som ligg rett utanfor gjerdet til barnehagen og som er ein passe lang tur å gå for småbarna. Det spesielle med denne toppen er kulpen med vatn der små fuglar badar.
10. I områdeplan er det gjort store inngrep i eigedomane våre.
Knarvik barnehage ga i 2011 frå seg leikeareal til tilkomstvegen til den nye kyrkja. Arealkrav til barnehagen må oppfyllast i høve til leike- og opphaldsarealet i

godkjenninga som kommunen har gjeve for barnehagedrifta vår. Vi har difor ikkje meir areal å avsjå.

11. Dei føreslegne inngrepa i eigedomane rammar parkeringsforholda til Knarvik barnehage og Stallanemarka burettslag. For å oppfylla det krav til tal på parkeringsplassar pr. barn og tilsette som Lindås kommune set, har vi ikkje parkeringsareal å avsjå.

Våre ynskje og tilrådingar er


- At tilkomstvegen vår vert skjerma, og at dei 450 skulebarna + tilsette får tilkomstveg via den nye kyrkjevegen. Her er trafikktryggleiken god med gang- og sykkelveg skild frå kjørevegen.
- At den naturlege vegetasjonen vert teken vare på langs grensene våre slik at det blir ei naturleg skjerming/ buffersone både for våre og skulen sine brukarar.
- At arealkrav i forhold til leike- og opphaltsareal, og parkeringsareal vert teken omsyn til etter gjeldande krav frå kommunen og det offentlege.
- At det vert teke omsyn til dei eksisterande brukarane i forhold til alder, funksjonsnivå og spesielle behov.

For å sjå dei faktiske forholda oppmodar vi dykk til å kome på synfaring i området **måndag 17.oktober kl. 15.30**, der vi stiller med representantar som kan svara på spørsmål. Dersom de ynskjer synfaring på eit anna tidspunkt er det berre å ta kontakt med underteikna for ny avtale.

Vi ser fram til eit godt og tett samarbeid om ei felles god løysing for alle brukarane av området.

Venleg helsing

for Knarvik Barnehage AS



Agnes Sønstabø

Dagleg leiar

Tlf. 99 15 34 85

for Stallanemarka burettslag



Arvid Westervik

Styreleiar

Tlf. 90 58 11 73

Vedlegg:

Bilder frå området

Kopi:

Trafikksikker kommune v/Irene Wilhelmsen
Barnas representant i kommunestyret Eilen Feste